

FRAMTIDSHÅP?

Arbeid med samansett tekst og verdier



UNDERVISNINGSSOPPLEGG TILPASSA:

Norsk på yrkesfaglege programområde

DEI GRUNNLEGGANDE FERDIGHEITENE:

Elevane skal trene på:

- munnleg: å kunne snakke om samansette tekstar og setje ord på kva verkemiddel som er brukt
- skriftleg: å kunne skrive ein kreativ tekst

Kort presentasjon av undervisningsopplegget:

- **Opplegget går inn som ein del av undervisinga om samansette tekstar i norsk**
- **Startar med å lese teksten «Strandblondine» av Bertrand Besigye.**
- **Tenkjeskriving**
- **Sjå kortfilmen «Tørt og kjølig»**
- **Del elevane i grupper og gje gruppene konkrete oppgåver til kva dei skal sjå etter i filmen. Sjå filmen ein gong til.**
- **Gruppene framfører munnleg det dei har funne ut.**
- **Klassesamtale**
- **Sluttproduktet er ein kreativ tekst.**

FORSLAG TIL GJENNOMFØRING:

- Utgangspunkt for arbeidet er at ein må ha brukt ein del tid på gjennomgang av samansett tekst og bruk av verkemiddel.
- Les teksten «Strandblondine» av Bertrand Besigye (vedlegg 1.)
- Tre minutt tenkjeskriving. Start: I dagens samfunn er kroppsidealet..... Det er bra/forferdeleg fordi.....
- Sjå kortfilmen «Tørt og kjølig»
<http://www.youtube.com/watch?v=nScLVkvY7Ho>
- Dele klassen i grupper

Gi gruppene forskjellige oppdrag til ting dei skal sjå etter i filmen:

Gruppe 1: Følg med og beskriv korleis ein brukar musikk og lydar i filmen. Kva gjer dette med filmen?

Gruppe 2: Følg med på hovudpersonen. Kva inntrykk får du av han? Forandrar han seg? Korleis?

Gruppe 3: Følg med det ytre miljøet. Kva er det vi ser? Er det noko som endrar seg? Kva gjer dette med filmen?

Gruppe 4: Korleis er filmen bygd opp? Følgjer den ein klassisk ein klassisk Hollywoodmodell? <http://ndla.no/nn/node/19295?fag=27>

Vise filmen en gang til. La elevene få tid til å diskutere og notere ned stikkord. Elevene skal leggje fram det dei har funne ut for resten av klassen.

- KlASSESAMTALE om verdiar og menneskesyn. Kva gjer at ein ynskjer å «utsette» livet til framtida? Kvifor er ein ikkje fornøgd med det ein har? Er graset grønare på den andre sida?
- Skrive kreativ tekst

SLUTTPRODUKT:

1. «Alle andre har det betre enn meg»
2. «Det er ikkje korleis ein har det, men korleis ein tar det»

Skri ei forteljing eller ei novelle med utgangspunkt i ei av setningane.

Hint: Legg vekt på kva verdiar og menneskesyn som er viktig for deg.

SKRIVETIPS:

Bruk det kan om å skrive novelle/forteljing.

Kjenneteikn:

- **Få personar**
- **Kort tidsrom**
- **Handlinga følgjer ein spenningskurve**
- **Løysinga/slutten er ofte overraskande og kort**
- **Samandrag, utelatingar og lite sceniske skildringar**

LÆREPLANMÅL:

Norsk:

- bruke relevante og saklige argumenter i diskusjoner og vise åpenhet for andres argumentasjon
- mestre ulike muntlige roller i gruppesamtaler, foredrag, dramatiseringer, presentasjoner og framføringer som aktør og tilhører
- mestre ulike skriverroller som finnes i skole, samfunn og arbeidsliv
- bruke et bredt register av språklige virkemidler i egen skriving, i sakprosa og kreative tekster, på bokmål og nynorsk

VURDERING:

I dette undervisningsopplegget arbeider ein med fleire læreplanmål i norsk. Det er naturleg å vurdere den kreative teksten, mein ein kan også velje å vurdere den munnlege aktiviteten. Vurderingskriteria bør avklarast med klassen.

VEDLEGG:

Bertrand Besigye (f. 1972). **Strandblondinen.** (Fra *Krystallisert sollys*, 2003).